



## BARNEOMBODET

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 OSLO

v/ Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
E-post: [postmottak@bld.dep.no](mailto:postmottak@bld.dep.no)

Dykkar ref:

Vår ref:  
13/00656-2

Saksbehandler:  
Tone Viljugrein

Dato:  
6. mai 2013

### Høyring - levekår for menneske med utviklingshemming

Vi viser til brevet av 22.02. 2013 med høyringsnotatet «Levekår og tiltak for menneske med utviklingshemming».

Barneombudet oppfattar at høyringsnotatet gir ei brei skildring av rettane til barn med utviklingshemming, men seier mindre om levekåra og korleis barna sjølv og familieane deira opplever at dei har det. Vi ser fram til den komande stortingsmeldinga om temaet og håper den vil klargjere dette på ein betre måte.

#### Barneombudet si lov og instruks

Barneombudet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tekne tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Det å gje høyringsfråsegner er ein viktig del av Barneombudet sitt arbeid. Ombudet skal særleg følgje med i at lovgiving til vern om barn sine interesser blir følgde, og at norsk rett samsvarer med dei forpliktingane Noreg har etter FNs konvensjon om barnet sine rettar. Ombudet skal av eige tiltak, eller som høyringsinstans, vareta barn sine interesser i samheng med planlegging og utgreiing på alle områder i samfunnet, samt foreslå tiltak som kan styrkje rettsvernet til barn. Ombudet sitt mandat er avgrensa til barn under 18 år.

#### Ansvarsreforma

Det er over 20 år sidan den såkalla ansvarsreforma blei gjennomført. Målet med reforma var å betre og normalisere levekåra for utviklingshemma. Utviklingshemma skulle i størst mogleg grad få høve til å medverke, meistre og ha innverknad og sjølvråderett over sin eigen kvardag.

I følgje høyringsnotatet meiner regjeringa at tida er moden for ein ny gjennomgang av levekåra for menneske med utviklingshemming og å vurdere kor langt vi har kome i å gjennomføre måla i ansvarsreforma. Regjeringa har også vedteke å leggje fram ei stortingsmelding om saka. Høyringsnotatet, saman med innspel på dette, skal danne

grunnlaget for ei faktaskildring i stortingsmeldinga av levekår og tiltak for menneske med utviklingshemming.

## **Levekåra til barn med utviklingshemming**

Barneombodet kan ikkje svare på om høyringsnotatet gir eit dekkjande uttrykk for levekårssituasjonen for personar med utviklingshemming, slik høyringsbrevet blant anna ber om tilbakemelding på. Så langt vi kan sjå, gir høyringsnotatet ei brei oversikt over dei ulike etatane sine ansvarsområde, lovverket og rettane til utviklingshemma barn på dei ulike arenaene og innanfor dei ulike sektorane. Høyringsnotatet nemner også retten til sjølvstyring og medverknad.

Barneombodet meiner likevel at høyringsnotatet seier mindre om korleis barn med utviklingshemming *faktisk har det* og korleis livskvaliteten deira er meir enn tjuu år etter ansvarsreforma. Høyringsnotatet seier mest om kva som finst, men mindre om kva effekt dette har for barn med utviklingshemming. Sånn sett kan ein stille spørsmål om høyringsnotatet gir eit dekkjande uttrykk for levekårssituasjonen for barn med utviklingshemming.

## **Artikkel 12 i barnekonvensjonen - Barns rett til å gi uttrykk for meininga si**

Kunnskap om barn sine levekår må innhentast frå barna sjølv. I følgje barnekonvensjonen artikkel 12 har barn rett til å gi uttrykk for meininga si i alle saker som vedkjem dei.

Også barn med utviklingshemming må få høve til å uttale seg og/eller på annan måte få uttrykkje korleis dei har det. Der det berre i liten eller svært avgrensa grad let seg gjere å innhente tilstrekkeleg informasjon om levekår frå barnet sjølv, bør det innhentast informasjon frå foreldre eller andre pårørande.

For å kunne vite noko om levekåra til barn med utviklingshemming, meiner Barneombudet det hadde vore nyttig å vite meir om for eksempel:

- Korleis har barn med utviklingshemming det i skulen og barnehage?
- Kva slags busituasjon har barna og korleis blir denne opplevt?
- Opplever barna å bli varetekne av helsetenesta, for eksempel fastlegen?
- Har barna det fritidstilbodet dei måtte ønskje og kva synast dei eventuelt om dette?
- Har barna eit tilfredsstillande sosialt nettverk på skulen og i fritida?

## **Utfordringar for barn med utviklingshemming**

Gjennom kontakt med brukarforeiningar og ved enkeltspørsmål til kontoret vårt, har Barneombudet fått innspel om at barn med utviklingshemming møter store utfordringar for eksempel i skulesystemet og ved tilrettelegging av opplæring. Eit sentralt innspel frå ei brukarforeininga er at desse barna ikkje får vere barn på linje med andre barn. Diagnosen tek hovudfokuset på den måten at når det skal leggjast til rette ser ein fyrst diagnosen og deretter barnet. Generelt sagt er det små forventingar til kva desse barna kan prestere i skulen.

Barneombudet har også fått innspel om at det er ei utfordring for dei ulike tenestene å samarbeide rundt eit barn med utviklingshemming. I tillegg er det utfordringar knytt til bustadsituasjonen og avlasting, i følgje brukarorganisasjonen Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU).

## **Vald og overgrep**

Høyringsnotatet skriv at personar med utviklingshemming generelt sett er meir sårbare enn andre. Barn er meir sårbare enn vaksne, og barn utviklingshemming vil derfor vere særleg sårbare. Barneombodet synest derfor det er bra at barn med funksjonsnedsetjingar vil bli omtalt spesielt i det komande strategidokumentet om vald og seksuelle overgrep mot barn og unge.

Per i dag finst det også alt for liten kunnskap om omfanget av vald mot personar med utviklingshemming i Noreg. I følgje høyringsnotatet tyder internasjonale studiar på at personar med utviklingshemming er tre til fire gonger meir utsette for ulike former for vald og overgrep enn den andre befolkninga.

## **Den komande stortingsmeldinga om levekår og tiltak**

Barneombodet ser fram til at det blir lagt fram ei stortingsmelding om levekåra og tiltak for menneske med utviklingshemming, og håper denne vil kunne seie meir om livssituasjonen til barn med utviklingshemming. Dersom slik kunnskap ikkje finst, vil vi oppmode om at det blir initiert forskingsmiddel som kan hjelpe til å kartleggje korleis desse barna faktisk har det. Vi vil oppmode forskarane til å snakke med og innhente informasjon frå barna sjølv og frå deira pårørande.

Venleg helsing

Anne Lindboe  
Barneombod

Tone Viljugrein  
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Kopi: Camilla Åmtun: [camilla.amtun@bld.dep.no](mailto:camilla.amtun@bld.dep.no)